



## SAKSFRAMLEGG

### Framlegg til Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar, Hordaland

Utval sak	Utval	Møtedato
60/08	Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker	01.07.2008

#### Dokument:

- 1 Sak PS 133/06
- 2 Lokal forskrift - Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar, Hordaland
- 3 Kart i M=50:000

#### Bakgrunn for saka:

Miljøverndepartementet har fastsett ny avløpsdel i forureiningsforskrifta som vart gjort gjeldande frå 01.01.07. Frå same dato vart "Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg i Fitjar kommune" sett ut av kraft.

I Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker sak 133/06 vart det vedteke at SFLMK skal utarbeida ei lokal forskrift for separate avløpsanlegg, som kan gjelda i både Fitjar kommune og Stord kommune.

#### Vurdering:

SFLMK har i samarbeid med konsulent frå Norconsult og ei arbeidsgruppe beståande av ein representant frå SK/RBO, SK/TTE (VA) og FK/Plan og Utvikling (Utestasjonen), utarbeida framlegg til felles lokal forskrift for kommunane Stord og Fitjar.

Forskrifta byggjer på den sentrale forskrifta (§ 12-7 til 12-13), på den tidlegare lokale forskrifta til Stord kommune (sidan den var av nyare dato enn Fitjar si lokale forskrift) og er tilpassa dei lokale tilhøva i Stord og Fitjar.

Reinsekrava byggjer på den kunnskap kommunane har om resipientane ut i frå resipientgranskingar, og resipientane er delt inn i 3 i tillegg til forbodssoner:

1. Sårbare sjøresipientar
2. Ferskvatn
3. God sjøresipient

Ei vesentleg forbedring mellom den sentrale og nye lokale forskrifta er § 10 om godkjende reinseløysingar. I samband med innføring av europeisk norm opphøyrd den norske ordninga med typegodkjenning av minireinseanlegg frå 01.05.2007. Etter denne dato skal alle minireinseanlegg ha dokumentasjon i samsvar med NS-EN 12566-3, og same kravet er teke med i den nye forskrifta.

Tidlegare forskrifter for både Stord og Fitjar gjaldt for utslepp inntil 7 bustad- eller fritidseiningar (21 personar). Dette er no utvida slik at forskrifta gjeld for utslepp av

sanitært avløpsvatn for bustader, fritidsbustader, turistverksemder og liknande mindre enn 50 personekvivalentar (pe).

I utkast til ny forskrift for Stord og Fitjar har ein opna opp for bruk av tett tank for svartvatn i kombinasjon med godkjent løysing for gråvatn. Årsaka til dette er at tømmerutinane er betre enn tidlegare samstundes med at det er fleire og betre produkt på marknaden.

For Fitjar kommune var det tidlegare, med unntak av områda rundt Storavatnet, Tuftelandsvatnet og Levåg, forbod mot alle utslepp i landområde og vassdrag. Med unntak av drikkevasskjelder er det i utkast til ny forskrift opna for utslepp i alle landområde og vassdrag i Fitjar. Med dette oppnår ein einsarta reinsekrav for mindre utslepp av sanitært avløpsvatn i kommunane Stord og Fitjar.

#### **Konklusjon:**

Ei felles lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg i kommunane Stord og Fitjar er no klar til handsaming. Den lokale forskrifta er tilpassa dei lokale tilhøva i dei to kommunane, og målet har vore å gjere det enklare for Stord og Fitjar å handsama utsleppssøknader med inntil 50 personekvivalentar (pe).

#### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø/Fast utval for plansaker vedtek at framlegg til Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar vert lagt ut til offentleg gjennomsyn slik den ligg føre.

Forskrifta er utarbeida med heimel i § 12-6 i forureiningsforskrifta (Forskrift nr. 931 av 1. juni 2004).

#### **Behandling:**

Kari Rydland informerte om saka i møte der ho la fram ulikheta mellom den gamle og den nye forskrifta.

Adminstrasjonen kom med slikt tilleggspunkt til framlegg til vedtak:

Høyringsfrist vert sett til 30.08.2008

#### **Vedtak i Utval for Plan og miljø/Fast utval for plansaker 01.07.2008: (samr)**

Utval for Plan og miljø/Fast utval for plansaker vedtek framlegg til Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for kommunane Stord og Fitjar vert lagt ut til offentleg gjennomsyn slik den ligg føre.

Forskrifta er utarbeida med heimel i § 12-6 i forureiningsforskrifta ( Forskrift nr 931 av 1. juni 2004) Høyringsfrist vert sett til 30.08.2008.



Atle Tornes  
Rådmann